

Nynorsk hjelpehefte

Før du les vidare:

Nynorsk er eit fag der du kan forbetre karakteren mykje berre du tek deg tid til å lese gjennom teksten din. Bruk ressursane du har tilgjengeleg (ordbok/ notat). Dersom du ikkje veit kva du skal skrive meir, bruk tida medan du tenkjer til å gå gjennom teksten din, finn dei feila som garantert er der. Litt lengre bak står det korleis du kan gjere dette.

Eit tips: Bruk “Søk” i Word i menyen øvst. Det gir deg ein moglegheit til å rette raskare og smartare. Smart retting kan heve karakteren minst ein karakter.



Hugs :

- Ikkje gjer nynorsk vanskelegare enn kva det er! Mange ord skal skrivast likt som på bokmål.
- Merk deg likevel dei viktigaste forskjellane mellom bokmål og nynorsk.
- Bruk tida godt – slå heller opp i ordboka ein gong for mykje...

Tips til digitale ordbøker: ordnett.no, lexin.oslomet.no

Innhold

Kort grammatisk oversikt:	3
SUBSTANTIV:	3
VERB:	3
ADJEKTIV:	5
GENITIV-S.	5
PRONOMEN:	5
Siekkliste når du skriv nynorsk	6
Desse orda bør du søke opp i word. Gjer om orda til nynorsk, viss dei er skreve feil.	6
Dei vanlegaste orda som skil seg frå bokmål	7
Vanlege feil:	8
Korleis bruke ordboka:	8

Kort grammatisk oversikt:

SUBSTANTIV:

Hankjønn: får -ar og -ane i fleirtal. I ordboka står det derfor slik: ein gut, guten, gutar, gutane.

Unntak: ord som får omlyd (son - sonen - søner - sønene, bror - broren - brør - brørne o.l.) + ord som endar med -a (sofa - sofaen - sofaer - sofaene)

Hokjønn: får -er og -ene i fleirtal. I ordboka står det derfor slik: ei jente, jentaa, jenter, jentene.

Unntak: ord som endar med -ing (kjerring - kjerringa - kjerringar - kjerringane). Merk også bøying av f.eks. mor, dotter, rot, natt. Her blir det omlyd i fleirtal.

Inkjekjønn: får inga ending i ubestemt form fleirtal og -a i bestemt form. I ordboka står det derfor slik: eit hus, huset, hus, husa. Hugs: eit menneske - mennesket - menneske - menneska.

VERB:

Svake verb:

- E verb (blir bøygd likt som bokmål): reise -er, -te, -t (-te/-de i preteritum, -er i presens)
- A-verb: å sykle -ar, -a, -a (-a i preteritum -ar i presens). NB! Verb med -a i preteritum skal altså skrivast med -ar i presens. INGEN andre verb skal det!
- J-verb: å fortelje - fortel - fortalde - har fortalt (inga ending i presens, omlyd i preteritum og perfektum)
- Kortverb: bu -r, -dde, -dd

Sterke verb:

1. inga ending i presens
2. perfektum med ending -e eller -i

å skrive - skriv - skreiv - har skrive/skrivi

å lese - les - las - har lese/lesi

Ei liste over dei vanlegaste verba som skil seg fra bokmål

Nokre av verba kan bøyast på andre måtar, eg har berre teke med dei enklaste bøyningane.

Infinitiv	Presens	Preteritum	Perfektum
Å bli	Blir	Blei / vart	Har blitt / vorte
Å finnast	Finst	Fanst	Har funnest
Å finne	Finn	Fann	Har funne
Å fortelje	Fortel	Fortalde	Har fortalt
Å følge	Følger	Følgte	Har følgt
Å få	får	Fekk	Har fått
Å gi	Gir	Gav	Har gitt
Å gjelde	Gjeld	Gjaldt	Har gjeldt
Å gjere	Gjer	Gjorde	Har gjort
Å gå	går	Gjekk	Har gått
Å halde	held	Heldt	Har halde
Å heite	Heiter	Heitte	Har heitt
Å hevde	Hevdar	Hevda	Har hevda
Å kjenne	Kjenner	Kjende	Har kjent
Å komme	Kjem	Kom	Har komme
Å kunne	Kan	kunne	Har kunna
Å la	Lar	Let	Har late
Å lage	Lagar	Laga	Har laga
Å legge	Legg	La	Har lagt
Å ligge	Ligg	Låg	Har lege
Å meine	Meiner	Meinte	Har meint
Å måtte	Må	Måtte	Har mått(a)
Å seie	seier	Sa	Har sagt
Å sitte	Sit	Sat	Har sete
Å sjå	Ser	Såg	Har sett
Å skrive	Skriv	Skreiv	Har skrive
Å synast	Synest	Syntest	Har synst
Å ta	Tek	Tok	Har teke
Å trenge	Treng	Trong	Har trunge
Å vere	er	Var	Har vore
Å tru	Trur	Trudde	Har trudd
Å vilje	Vil	Ville	Har vilja
Å vite	Veit	Visste	Har visst
Å krevje	Krev	Kravde	Har kravd/ kravt
Å ønske	Ønsker	Ønskte	Har ønskt

Merk spesielt bøyning av desse verba:

• å vere - er - var - har vore/vori • å seie - seier - sa - har sagt • å komme - kjem - kom - har kome/komi • å sjå - ser - såg - har sett • å ete - et - åt - har ete/eti • å gjere - gjer - gjorde - har gjort	• å treffe - treffer - trefte - har treft • å hjelpe - hjelper - hjelpte - har hjelpt • å sitje - sit - sat - har sete/seti • å setje - set - sette - har sett • å synast - synest - syntest - har synst • a finnast - finst - fanst - har funnest
---	---

ADJEKTIV:

- fin - finare - finast
- høg - høgare - høgast
- låg - lågare - lågast
- viktig - viktigare - viktigast
- spennande - meir spennande - mest spennande
- gammal - eldre - eldst

Merk korleis desse adjektiva skal skrivast: høg - låg - tjukk - djup - mjuk - brei - raud - hjelpsam - morosam - einsam.

GENITIV-S.

- gutens sykkel = sykkelen til guten
- byens sykehus = sjukehuset i byen
- skolens lærere = lærarane på skulen
- MEN det er lov å bruke s'en når du brukar eigenamn (t.d. Petters bok)

Regel: Skriv om med preposisjonane til, i eller på.

PRONOMEN:

Eg - meg Du - deg Han - han Ho - ho/henne vi - oss Dokker (=dere) Dei - dei (=de/dem)	Eigeform: min/mi/mitt Eigeform: din/di/ditt Eigeform; hans Eigeform: hennar Eigeform: vår Eigeform: dokkar Eigeform: deira (deires)	Eg tenkjer meg om. Det er boka mi. Du tenkjer deg om. Det er boka di. Han tenkjer på han. Det må vere boka hans. Ho tenkjer på henne. Det er boka hennar. Vi tenkjer oss om. Det er boka vår. Dokker tenkjer dokker om. Det er nemleg boka dokkar. Dei tenkjer dei andre. Det er boka deira.
---	---	--

NB!

DERE på bokmål er DOKKER på nynorsk

DE på bokmål er DEI på nynorsk

DEN/DET på bokmål ofte er HAN/HO på nynorsk. F.eks.: Boka er bra. Ho handlar om... Blyanten må spissast. Han skriv dårleg.

Siekkliste når du skriv nynorsk

- Eg (ikkje jeg)
- Ikkje (stor feil med ikke)
- Kv- (aldri hv-)
- —leg (ikkje bruk —lig)
- No/nå (ikkje nu for det er ein stor feil)
- Dei (aldri dom/dem).
- Ein (aldri man)
- Unngå genitiv-s! Skriv om! Ikkje skriv gutens bil. Skriv heller bilen til guten e.l.
- Han / ho i staden for den (Eks. Boka er fin. Ho er også spennande)
- Slå opp verb du er usikker på! Hugs at du må slå opp på infinitiv (ord du kan setje å foran, f.eks. skrive, ikke skrev)
- Unngå å starte ord på an-, be-. Slå dei opp i ordboka. Sjå kva du kan skrive i staden.
- Unngå ord som sluttar på -het og -else. Slå dei opp i ordboka. Finn ut kva du skal skrive i staden (ord som sluttar på -else på bokmål, sluttar ofte på -ing på nynorsk)
- Har du bøygd substantiva korrekt?
 - **Hankjønn:** ein gut — guten —fleire gutar— alle gutane
 - **Hokjønn:** ei jente —jenta — fleire jenter — alle jentene
 - **Inkjekjønn:** eit hus — huset —fleire hus — alle husa
- Har du skrive artiklane på nynorsk: ein — ei — eit. Megafeil å bomme på dei!

Desse orda bør du søke opp i word. Gjer om orda til nynorsk, viss dei er skreve feil.

Søk etter	Gjort	Søk etter	Gjort
An		Ikke	
Be		Hv	
Else		Være	
Het		Kommer	
Est		En	
Lig		Et	
De			
Dere			
Dem			
Hun			
Jeg			
Være			
Gjøre			
Man			
Sier			

Dei vanlegaste orda som skil seg frå bokmål

alene – aleine, åleine allerede – allereie, alt annen – annan annet – anna bare – berre bedre – betre de – dei dem – dei dere – de, dokker deres – deira, dykkar, dokkar dessuten – dessutan disse – desse døren – døra dårlig – dårleg egentlig – eigenleg, eigentleg eget – eige egne – eigne ellers – elles ene – eine eneste – einaste ennå – enno et – eit ett – eitt finnes – finst flere – fleire foran – føre, framfor, framanfor forfatter- forfattar fortsatt – framleis, enno fra – frå frem – fram fremdeles – framleis, enno gammel – gammal, gamal gang – gong (om tid) hele – heile helt – heilt (fullstendig), (ein) helt (person) hennes – hennar hjem – heim hjemme – heime hodet – hovudet hun – ho hva – kva hvem – kven hverandre – kvarandre hvert – kvart hvis – dersom, om, i fall, viss	hvor – kor, kvar, der (som) hvordan – korleis hvorfor – korfor, kvifor hånden – handa ikke – ikkje jeg – eg lille – vesle lørdag – laurdag man – ein meget – mykje, svært mennesker – menneske mer – meir millioner – millionar mulig – mogeleg, mogleg mye – mykje noe – noko noen – nokon, nokre, somme Norge – Noreg nærmere – nær(m)are nå – no (tid) og nå (verb) penger – pengar plutselig – brått, med eitt, plutseleg saken – saka samme – same sammen – saman selv – sjølv senere – seinare siden – sidan (og sida, av side) sted – stad stedet – staden sto – stod særlig – særleg tiden – tida tidligere – tidlegare tro – tru uten – utan utenfor – utanfor vanskelig – vanskeleg vei – veg verden – verd, verda videre – vidare virkelig – verkeleg øynene – auga, augo
--	---

Vanlege feil:

- Han forteljar at... - det heiter fortel på nynorsk
- Man kan tenkje at - man heiter ein på nynorsk
- Ikke/jeg/hun/en/et - det er lett å gløyme seg. Søk i dokumentet med mellomrom før og etter ordet.
- Han har skrevet - det heiter skrive på nynorsk.
- Eg synast at - Dette er infinitiv, men i presens heiter det "synest". Du kan i staden skrive "Eg tykkjer/ tycker at..."
- De og dykk. "De" er subjekt, "dykk" er objekt. Bruk "dokker" i staden, då treng du ikkje tenkje på om det er subjekt og objekt.
- Dykkar og deira. På bokmål brukar ein "deres" for begge. "Dykkar" er andre person (dei du snakkar til), "deira" er tredje person (dei du snakkar om).
- Nokon og nokre. Skriv heller somme, då slepp du å hugse når du skal bruka kva.

Korleis bruke ordboka:

Du er her: [LEXIN](#) → [LEXIN-ordbøker](#) → Søk

LEXIN-ordbøker

Bokmål-nynorsk

[Velg en annen ordbok](#)

skrive

Hugs å skrive verb i infinitiv, og substantiv i ubestemt eintal. F.eks. jente/ sykkel.

Søk

☒ Søk på begge målformer ☐ Søk på bokmål ☐ Søk på nynorsk

[Hjelp til søk](#)

1 - 10 av 101

Forrige

Neste

Bokmål	oppslagsord	skrive		
		/skrj:ve/		
	verb			Sjekk at ordet er i riktig ordklasse. Er du på jakt etter verbet "spise", så har du riktig ord.
Nynorsk		skrive		
		/skrj:ve/		
	verb			På Lexin, står bøyingsformen i same rekkjefølgje på begge målformene. Finn ordet på bokmål, så har du ordet på nynorsk
Bokmål	bøyning	[å skrive skriver skrev (el. skreiv) har skrevet]		
Nynorsk		[å skrive skriv skreiv har skrive]		
Bokmål	forklaring	lage bokstaver, bruke skriftegn		
Nynorsk		lage bokstavar, bruke skrifteikn		Dobbeltsjekk forklaringa. Riktig forklaring, riktig ord.

ORDNETT
NO

gjøre

Butikk

For bedrift

For skole

Dine ordbøker

SKJUL

2 treff

Søk i all tekst

Bokmål

1 >

Nynorsk

0 >

Stor norsk ordbok

1 >

Søkehistorikk

SKJUL

gjøre

skrive

opplevelse

Bokmål

Vis mindre

Dobbeltsjekk ordklassen. Er du ute etter verbet "gjøre"

gjøre verb har du riktig ord.

BØYNING: gjør, gjorde, gjort

FORKLARING: utføre, lage, få til, drive med

NYNORSK ▶ gjere Trykk deg inn på det nynorske ordet "gjere"

Merk som favoritt

Send kommentar

Bokmål

Stor norsk ordbok

Vis mindre

ORDNETT
NO

gjere

Butikk

For bedrift

For skole

Dine ordbøker

SKJUL

Bokmål

1 >

Nynorsk

0 >

Stor norsk ordbok

1 >

Søkehistorikk

SKJUL

gjere

gjøre

skrive

opplevelse

Nynorsk

Vis mindre

gjere verb

BØYING: gjere, gjer, gjorde, gjort skjul

infinitiv

gjere

presens

gjer

preteritum

gjorde

perfektum partisipp

gjort

FORKLARING: lage, produsere, skape

Trykk på "meir" for å sjå bøyninga. Her må du kunne verbtidene, for å velje riktig ord.

Dobbeltsjekk forklaringa at du har riktig ord

Kan òg skrivast ▶ gjera

BOKMÅL ▶ gjøre, ▶ bestille, ▶ bevirke, ▶ foreta, ▶ forøve

Merk som favoritt

Send kommentar

Nynorsk

Side 9 av 9